

**Vurdering av planforslag til detaljregulering Mangersnes bustadområde – PlanID:
12602011000400**

Følgjande statlege og regionale føringar og retningslinjer må leggjast til grunn i planforslaget:

- Fylkesplan for Hordaland i perioden 2005-2008, punkt 8.2 og 8.3
- Klimaplan for Hordaland 2015-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Rikspolitiske retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Retningslinje for handsaming av støy i planlegging (T-1442)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SBAT)
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Folkehelseperspektivet, JF. PBL 3 -1.
- Statleg planretningslinje for klima og energiplanlegging i kommunane
- Lov og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder (H-6/18)
- Naturmangfaldlova kapittel II (T-1554) [Naturmangfaldrapport](#)

Følgjande kommunale planar, føringar og retningslinjer må leggjast til grunn i planforslaget:


- Kommuneplan for Radøy 2011-2023, samfunnsdelen
- Kommuneplan for Radøy 2011-2023, delrevisjon 2019, planskildring
- Kommuneplan for Radøy 2011-2023, delrevisjon 2019, arealplankart
- Kommuneplan for Radøy 2011-2023, delrevisjon 2019, planføresegner
- Trafikksikringsplan for Radøy, revidert 2015
- Kommunedelplan for helse og omsorg i Radøy 2018-2028
- Kulturminneplan for Radøy 2017-2027
- Kulturplan for Radøy 2011-2020
- VA-norm for Meland/Lindås (www.va-norm.no)

Planforslaget er i strid med følgjande føresegner i KPA 2011-2023, delrevisjon 2019:

1.1, 2.3.1, 2.3.2, 2.3.3, 2.4, 2.6, 2.8, 2.9, 2.10, 2.11, 2.12, 2.13, 2.14, 2.15, 3.1.1, 3.1.2, 3.4.1, 3.5.1, 3.5.5.

Planforslaget er i strid med følgjande arealformål i KPA 2011-2023, delrevisjon 2019:

- Sjøbodar/badehus (naust?) (BUN) er plassert innanfor avsett område i KPA for akvakulturanlegg.
- Småbåthamn (VS) er plassert innanfor avsett område i KPA for akvakulturanlegg.
- Kai (SK) er plassert innanfor avsett område i KPA for akvakulturanlegg.
- Fleire bustadområder, ein leikeplass, sjøbodar/badehus (naust?), veganlegg og avløpsanlegg er plassert innanfor avsett område i KPA for LNF.



Konklusjon:

Innsendt revidert planforslag til detaljregulering Mangersnes bustadområde – PlanID: 12602011000400, mottatt av kommunen 16.03.2020, er ikkje i samsvar med gjeldande statlege, - regionale og kommunale føringar, planar, retningslinjer og norma. Planforslaget innfrir ikkje vilkår nr: 1,2,3,4,5,6 og 7 i angitt vedtak frå hovudutval for plan, landbruk og teknisk i tidligare Radøy kommune datert 24.01.2018. Planforslaget kan ikkje leggjast ut til offentlig ettersyn og høyring.

Til orientering:

Private forslag til regulering av eit område skal innholmsmessig følgje opp hovudettrekk og rammer i ein kvar tids gjeldande kommuneplanens arealdel, jf. Plan- og bygningslova § 12-3 tredje ledd, og § 1-5 andre ledd. Regulerer ein i strid med overordna planar skal kvart avvikande tema konsekvens utgreekast, jf. Forskrift om konsekvensutredningar (F21.06.2017 nr. 854) § 6 b) vedlegg 1 punkt 25. Statens vegvesen si handbok V712 og Ku- forskrifta skal leggjast til grunn i utforming av KU. Alt av veglegg innanfor planområdet skal vera prosjektert i tråd med Statens vegvesen ein kvar tids gjeldande handbok N100. Prosjekterings grunnlag skal vera utarbeidd i tråd med Statens vegvesen ein kvar tids gjeldande handbok R700. Ved innsending av planforslag skal det leggjast ved B, C, D, U og kryssteikningar. For utarbeiding av trafikkanalyse skal Statens vegvesen si kvar tids gjeldande handbok V713 leggjast til grunn. ÅDT- tall= 5 skal brukast i berekningane. Plankart skal vera utarbeidd i tråd med reglane som kjem fram av kart- og planforskrifta og NPAD. SOSI- fila skal vera utarbeidd i tråd med kartverket sin objektkatalog.